



Pressemelding 28. mai 2020 – Opptak til fagskular

## Hovudopptaket til fagskular 2020

**Nå er opptakstal frå det aller fyrste fagskuleopptaket gjennom Samordna opptak klare. Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning har sendt ut tilbod om studieplass til 6 005 søkjarar ved dei 30 fagskulane som deltek i årets Samordna opptak.**

Av 9 319 søkjarar til 8 817 studieplassar er 7 522 kvalifisert for minst eitt studium, og 6 005 søkjarar har fått tilbod om studieplass. Blant dei som får tilbod om studieplass får 5 409 (90,1 %) tilbod på sitt høgast prioriterte studieønske.

4 212 menn og 1 793 kvinner har fått tilbod om studieplass i hovudopptaket. Delen menn med tilbod om studieplass utgjer dermed 70,1 %.

Snittalderen blant søkjarar med tilbod om studieplass ligg på 29,6 år.

4 508 (59,9 %) av årets kvalifiserte søkjarar hadde minst eitt elektronisk vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Dette gjev grunnlag for raskare og sikrere søknadshandsaming.

- Unit har sidan 2017 samarbeidd tett med fagskulane for å utvikle eit Samordna fagskuleopptak til 2020, så med dette opptaket har vi saman med fagskulane nådd ein viktig milepåle. Units mål har vore å bidra til effektivisering, digitalisering og samordning av tenester som skal fungere godt for både søkjarar og fagskular, seier Unit-direktør Roar Olsen.

### Teknologiske fag og helsefag størst

Flest plassar blei lyst ut på utdanningsområda teknologiske fag (5 063) og helsefag (2 196).

3 731 (62,1 %) av søkjarar med tilbod fekk plasstilbod på teknologiske fag, og 3 501 av desse er menn. Dette gjev ein del på 93,8% av søkjarar med tilbod på teknologiske fag.

1 295 (21,6 %) av alle søkjarar med tilbod fekk studieplasstilbod på helsefag. 1 136 av desse er kvinner. Kvinner utgjer dermed 87,7 % av søkjarar med tilbod på helsefag.

16,3 % av alle søkjarar med tilbod er relativt jamt fordelt på dei resterande utdanningsområda: informasjonsteknologi, land- og havbruk, estetiske fag, økonomi og administrasjon, matfag, reiseliv og pedagogiske fag.

### Svar på tilbod i hovudopptaket for fagskular

Søkjarane fekk tilbod om studieplass 20. mai, og hadde frist til 27. mai med å svare på [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no).

### Ledige studieplassar og suppleringsopptak til fagskular

Gjennom opptaket til fagskular er det i år lyst ut 8 817 studieplassar fordelt på 318 ulike studietilbod. Etter hovudopptaket er det fleire fagskular som har ledige studieplassar. Differansen på talet søkjarar med tilbod og planlagde studieplassar er 2 812.



– Det er framleis 2 800 ledige fagskoleplassar og eg håpar enda fleire ønskjer å byggje på kompetansen sin gjennom høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskular over heile landet tilbyr kortare utdanningar som ofte er praktiske og direkte retta inn mot arbeidslivet. Det er utdanningar som passar både for dei som er i jobb, men som vil ha fagleg påfyll, og for dei som har blitt arbeidsledige eller permittert som følgje av koronakrisa, seier forskings- og høgare utdanningsminister Henrik Asheim (H).

Søndag 24. mai blei det lagt ut oversikt over ledige studieplassar på 161 studium ved fagskular på Samordna opptak sine [nettsider](#). Oversikta over studium med ledige studieplassar er dynamisk. Søkjarar må vere kvalifiserte for å få tilbod om plass, og det er løpande opptak. Det fyrste suppleringsopptaket vert gjennomført 28. mai. Deretter vert det gjennomført nye suppleringsopptak kvar veke fram til august-september 2020.

### [Kontakt Samordna opptak](#)

Meir informasjon om søking til fagskular får du ved å [kontakte fagskulane direkte](#).

Statistikk og faktnotat for hovudopptaket til fagskulane 2020 vert publisert klokka 11.00 torsdag 28. mai på: <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2020/>. I faktnotatet frå Samordna opptak finn du utfyllande informasjon og tal frå hovudopptaket for fagskular i 2020.

### [Kontaktar for pressa:](#)

Konstituert seksjonssjef opptak Natasha Harkness, tlf. 901 14 590

Kommunikasjonssjef Åshild Berg-Tesdal, tlf. 911 39 271